

**Selskapsavtale
for
Region Nordhordland IKS**
Revidert desember 2020

§ 1 Namn

Selskapet sitt namn er Region Nordhordland IKS (RNI). Selskapet fører vidare den økonomiske og administrative verksemda til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
Den politiske verksemda vert handsama av Regionrådet Nordhordland (Regionrådet) som er eit reint politisk organ.

§ 2 Eigalar

Selskapet er eigd av kommunane:

- | | |
|--------------|-----------------------|
| ■ Alver | - org.nr. 920 290 922 |
| ■ Austrheim | - org.nr. 948 350 823 |
| ■ Fedje | - org.nr. 944 041 036 |
| ■ Gulen | - org.nr. 938 497 524 |
| ■ Masfjorden | - org.nr. 945 627 913 |
| ■ Modalen | - org.nr. 964 969 302 |
| ■ Osterøy | - org.nr. 864 338 712 |
| ■ Vaksdal | - org.nr. 961 821 967 |

§ 3 Føremål

3-1 Selskapet skal:

- Arbeida i samsvar med det politiske organet Regionrådet sitt føremål
- Ivareta økonomiske og administrative oppgåver for Regionrådet
- Ivareta saksførebuing og sakshandsaming av saker for Regionrådet
- Gjennomføra utviklingsarbeid som er i tråd med føremålet til Regionrådet
- Ta på seg økonomiske og administrative oppgåver samt utviklingsoppdrag for eigarkommunane etter særskild avtale

3-2 Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med kommunar, fylkeskommunar og andre verksemder.

3-3 Selskapet kan gå inn som eigar i andre verksemder innanfor rammene til lova om interkommunale selskap, kommunelova og andre lover og føresegner knytt til kommunar si deltaking i verksemder / forretningsdrift.

3-4 Selskapet kan driva med framleige av kontorareal.

3-5 Selskapet har kontoradresse i Alver kommune.

§ 4 Representantskap

4-1 Selskapet sitt øvste organ er representantskapet som skal ha eitt medlem frå kvar kommune.

- 4-2 Ordføraren i dei deltagande kommunar er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant.
- 4-3 Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å møta i representantskapet med tale og forslagsrett. Om ikkje representantskapet for den einskilde sak bestemmer noko anna, har dei andre styremedlemmene og kommunedirektørane / rådmennene i eigarkommunane rett til å vera til stades og til å uttala seg.
- 4-4 Røystetalet i representantskapet tek omsyn til folketalet i medlemskommunane. Kvar kommune skal ha 1 røyst uavhengig av folketal. I tillegg skal kvar kommune med minst 5000 innbyggjarar, ha 1 røyst for kvar påbyrja 5000.
Røystetalet vert regulert i høve til folketalet pr. 1.1. i året. For 2020 er det slik:

Kommune	Røyster
Alver	6
Austrheim	1
Fedje	1
Gulen	1
Masfjorden	1
Modalen	1
Osterøy	2
Vaksdal	1
Sum	14

- 4-5 Representantskapet kan gjera vedtak når minst halvdelen av medlemene er til stades og desse representerer minst to tredelar av røystene.
- 4-6 Representantskapet skal gjera vedtak i samsvar med lova om interkommunale selskap og selskapsavtalen, eller i dei saker som styret legg fram.
- 4-7 Representantskapet kjem saman minst to gonger i året. Årsmøtet skal haldast seinast innan utgangen av juni månad.

Representantskapet skal handsama desse sakene:

- Årsmelding
- Årsrekneskap
- Årsbudsjett og økonomiplan
- Framlegg frå styret om opptak av lån
- Fullmakter til styret
- Val av medlemar og varamedlemar til styret
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon
- Fastsetjing av godtgjersle for representantskap og styre

Vedtak i representantskapet skal godkjennast av kommunane dersom dette vert kravd etter lova om interkommunale selskap eller andre lover. Økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding og protokoll frå møta skal sendast medlemskommunane som melding.

§5 Styret

- 5-1 Styret består av tre medlemar og to varamedlemar.
- 5-2 Styret vert valt av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.

- 5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.
- 5-4 Kvart styremedlem har ei røyst. Styret kan gjera vedtak når minst to av medlemane er til stades.
- 5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet, andre retningsliner og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.

§ 6 Kapital

- 6-1 Eigars/ansvarsdelen er delt med 30 % fordelt likt pr. kommune og resten etter folketal pr. 1.1.2020 som gjev slik kommunevis fordeling:

Kommune	Fordelt likt	Fordelt folketal	Totalt
Alver	3,75 %	41,67 %	45,42 %
Austrheim	3,75 %	4,09 %	7,84 %
Fedje	3,75 %	0,78 %	4,53 %
Gulen	3,75 %	3,28 %	7,03 %
Masfjorden	3,75 %	2,41 %	6,16 %
Modalen	3,75 %	0,55 %	4,30 %
Osterøy	3,75 %	11,55 %	15,30 %
Vaksdal	3,75 %	5,67 %	9,42 %
Sum	30,00 %	70,00 %	100 %

- 6-2 Eigars/ansvarsdelen kan endrast ved at deltagarar trer inn eller ut av selskapet, og ved at eigars/ansvarsdelen vert regulert kvart fjerde år i høve til folketalet med basisår pr. 1.1.2020.
- 6-3 Selskapet kan ta opp lån innafor ei samla ramme på kr. 1 000 000,- utan godkjenning i medlemskommunane.

§7 Kostnadsdeling

- 7-1 Eigarkommunane garanterer for dei årlege utgiftene til selskapet basert på selskapet sin økonomiplan. 30 % vert fordelt flatt pr. kommune og resten etter folketalet i kommunane pr. 01.01 i budsjettåret. Dette vert korrigert slik at ingen kommune skal betala meir enn 3 gangar gjennomsnittsbeløpet pr. innbyggjar, men ikkje korrigert lågare enn at dei må dekka minimum 3 % av dei årlege utgiftene.
- 7-2 Selskapet har rekneskapsplikt etter kommunale rekneskapsprinsipp.

§8 Nye deltagarar

- 8-1 Andre kommunar kan søkja medlemskap. Det vil ikkje vera krav om innskotskapital. Ny deltagar vil gje krav om endring av selskapsavtalen og må handsamast slik lova om interkommunale selskap krev. Kommunestyra må vedta selskapsavtalen.

§ 9 Dotterselskap

- 9-1 Representantskapet kan med 2/3 fleirtal etablera dotterselskap under NHI. Dotterselskap er i denne samanheng selskap kor NHI har minst 50% av eigarskapet. Eit dotterselskap kan vera alle selskapsformer som stettar krav som eige rettssubjekt.

§ 10 Utmelding

- 10-1 Utmelding av ein kommune skal skje med minst 1. års varsel. Oppseiringstida vil gå heile det påfølgjande kalenderåret og kommunen pliktar å betala medlemstilskot dette året.

Kvar eigar i selskapet kan einsidig seia opp si deltaking. Når ein kommune trer ut av selskapet, skjer dette i samsvar med lova om interkommunale selskap sine reglar slik dei er formulert på det tidspunktet selskapet får melding om utmeldinga.

Når ein kommune går ut av selskapet, skal ansvaret for å innfri pensjonsrettane til dei tilsette dekkast etter følgjande prinsipp:

1. Pensjonsforpliktingar for tilsette i selskapet blir fordelt mellom eigarane basert på eigardelen i selskapet.
2. Alle utrekningar skal gjerast av KLP på grunnlag av prinsipp nytt av Pensjonskontoret i «Overføringsavtalens sikringsordning».

Ved endringar i pensjonslovgjeving eller pensjonsordningar skal desse prinsippa framleis gjelda for eigarane i selskapet.

Det same prinsippet vil også gjelda for andre forpliktingar som selskapet har når ein kommune melder seg ut av selskapet.

§ 11 Oppløsing

- 11.1 Framlegg til oppløsing skal vedtakast med minst 3/5 av røystene i representantskapet. Elles gjeld reglane for oppløsing og avvikling i lova om interkommunale selskap.

§ 12 Endringar i selskapsavtalen

- 12-1 Endringar i selskapsavtalen må godkjennast av alle medlemskommunane.
- 12-2 Ved opptak av nye medlemmar skal medlemskommunane også fastsetja ny representasjon og fordeling i medhald av §4, 6 og 7.

§13 Twist

- 13-1 Twist om tolking vert avgjort med bindande verknad ved valdgift etter reglane i twistelova.

§ 14 Anna

- 14-1 For tilhøve som ikkje er omtala i denne selskapsavtalen gjeld lova om interkommunale selskap.

Dato: xx. desember 2020

Ordførar i Alver

Sara H. Sekkingstad

Ordførar i Gulen

Hallvard Oppedal

Ordførar i Osterøy

Lars M. Fjeldstad

Ordførar i Austrheim

Per Lerøy

Ordførar i Masfjorden

Karstein Totland

Ordførar i Vaksdal

Ordførar i Fedje

Stian Herøy

Ordførar i Modalen

Kjetil Eikefet

Hege Eide Vik